

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Dato	25.08.2025
Vår referanse	2024/31165-9
Dykkar referanse	2024/398
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Uttale til høyring av framlegg til detaljregulering - fritidsbustader - gnr. 14 bnr. 21 mfl. Grindheimsvågen - planID 202401 - Bømlo kommune

Vi viser til brev mottatt 18.06.25 om høyring av forslag til detaljregulering for Grindheimsvågen i Bømlo kommune. Hovudføremålet i planen er fritidsbustadar med tilhøyrande småbåtanlegg, tilkomst og parkering, og inkludere tilkomstveg, bustadareal og hamneområde i nord. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustader, fritidsbustader, småbåtanlegg og hamn.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 11.07.24. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Planfaglege merknader

Det er gjort vurdering av krav om konsekvensutgreiing. Konklusjonen er at det ikkje er slikt krav, og vurderinga baserer seg på at planframlegget i hovudsak er i tråd med gjeldande KPA. Vidare er det gjort greie for kjent kunnskap om verdier og nær planområdet, og eventuell trong for meir kunnskap. Kommunen har vurdert at samla sett vil planframlegget ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad.

Planområdet ligg i strandsona, og *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger* og retningslinjer er lagd til grunn i utarbeidinga av planen. Vestland fylkeskommune erfarer at det er gjort tenleg arbeid knytt til kunnskapsgrunnlag og vurdering av konsekvens av planarbeidet, og at våre innspel til oppstart er følgt opp.

Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Arealane er i hovudsak prega av tidlegare utbygging og tiltak, og blir vidare ut frå topografiske tilhøve vurdert til ikkje å ha høgt potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka.

Saka har også blitt vurdert av Bergens Sjøfartsmuseum. I høve brev datert 12.06.2024, kjenner dei ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltak i planområdet.

Regional kulturmiljøstyresmakt i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen utover å gjere tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst/skålgroper eller konstruksjonar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid på funnstaden stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn. Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Infrastruktur og veg

Vestland fylkeskommune ved infrastruktur og veg kan ikkje sjå at det er gjort ei vurdering av krysset mellom fv. 5000 Grindheimsvegen og kv. 1111 Grindheimsvegen. Vi ber om at det blir gjort ei vurdering av krysset, og at både geometrisk utforming og trafikktryggleik vert tema. Utforminga i avkøyrsele må sørge for at fartsnivået i sekundærvegen vert senka og at ikkje krysset mellom fylkesvegen og kommunalveg oppfattast som ei forlenging av fylkesvegen.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld infrastruktur og veg. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Grasdøl
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER